Inntil vidare får ein likevel svinga anleggsvegen austom, slik at ein ikkje utfører tiltak i strid med reguleringsføresegnene.

Samstundes må ein be kommunen snarast ta konkret stilling til aktuelle spørsmål ::

- om anlegget i realiteten er verneverdig
- korleis anlegget eventuelt skal vernast og sikrast, i praksis
- korleis kommunen vil engasjera seg i dette arbeidet
- om det er behov for å justera reguleringsplanen.

Med helsing



Vert sendt til :

- Radøy kommune v Asbjørn Toft (epost)
- Arna Haugen VVA-prosjektering v Thor Henrik Fredriksen (epost)
- Rune Ulvatn, 5936 Manger

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir – Del. vedtak

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Delegert frå plan, landbruk og teknisk	08.02.2007	021/07	RTO

Sakshandsamar: Tore Rikstad	Arkiv: GBNR-45/7, GBNR-45/6 Objekt:	Arkivsaknr 2006000704
-----------------------------	---	--------------------------

### GNR 45/6,7 M.FL.-SELFALLET-OPPARBEIDNING AV VEG,VATN- OG AVLAUPSANLEGG I SAMSVAR MED REGULERINGSPLAN-GODKJENNING

#### Saksdokument:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	29.11.2006	Siviling. Arne Haugen VVA-	45/7 m.fl.-Søknad om utsleppsløyve
			prosjektering	
2	I	06.12.2006	Bergen og Omland	Gnr 45/7 m.fl. - Høring utsleppsløyve
			Havnevesen	- Planlagt bustadområde - Selfallet
3	I	02.01.2007	Bergen og Omland	Gnr 45/7 m.fl - Vedtak - legging av
			Havnevesen	utsleppsleidning på sjøbunn
4	I	07.01.2007	Rune Ulvatn	Gnr 45/6,7 m fl. - Selfallet -
				Nabovarsel for Gnr 45/171 - bygging
				av veg vatn og avløp
9	I	18.01.2007	Jarle Håland	Gnr 45/6,7 m fl.- vedk nabovarsel
5	I	18.01.2007	Knut J Johannesen	Gnr 45/6,7 m fl - Vedk nabovarsel
6	I	18.01.2007	Knut Skjelanger	Gnr 45/6,7 m fl - vedk nabovarsel
8	I	18.01.2007	Siviling. Arne Haugen VVA-	Gnr 45/7 - m.fl - Selfallet - Søknad om
			prosjektering	løyve -Veg, vatn og avlaupsanlegg
10	I	20.01.2007	Harald Mangerøy	Merknader vedrørende eigedomen
				Selfallet
7	I	21.01.2007	Erling Fauskanger	Merknader vedrørende eigedomen
				Selfallet
12	I	09.02.2007	Tore Rikstad	Fw: Selfallet. Sanering privat kloakk.
				Brev til naboer.

#### Saksutgreiing:

Gjeld søknad om opparbeiding av veg, vatn-og avlaupsanlegg i det regulerte bustadområdet for Selfallet. Det vert også søkt om utsleppsløyve for tiltaket. Når veg,vatn- og avlaupsanlegg er ferdig opparbeidd og godkjent, vert anlegget overteke av kommunen etter ein nærare inngått utbyggingsavtale.

Tiltaket omfattar:



1. Utviding av vegbane i Fv. 410 fram til avkjørsle til det nye bustadfeltet.
2. Bygging av gang-og sykkelveg langs Fv 410 som fortau.
3. Etablering av busslommer.
4. Veg 1 med tilhøyrande fortau, regulert som offentleg veg.
5. Veg 2, 3,4, 4.2 og 5, alle regulert som offentleg veg.
6. Veg (3.1) fram til slamavskillar.
7. Fellesveg(FV)3 og 22, regulert som privat fellesveg.
8. Ny privat veg fram til Gnr.45/320 (Veg 4.1)
9. Felles privat parkeringsplass(FP) 1,2 og 3.
10. Fartshumper i Veg 1 etter krav i reguleringsføresegnene.
11. Opparbeidinga av leikeareal og ballbane etter krav i reguleringsføresegnene.
12. Vegslukar med sandfang for oppsamling av overflatevatn frå vegar.Utløp i friluftsområde(FL)2.
13. Vassleidning fram til bustadfeltet
14. Vass-, spillvass-og overvassleidning i Veg 1,3 og 3.1.
15. Private felles vass-og spillvassleidning, eventuelt og oversvassleidning i Veg 2, 4 og 5
16. Stikkleidningar til nye tomter i bustadfeltet.
17. Vassleidning i FV 2 og 3 for eksisterande bustader/hytter sør for nye tomter.
18. Sanering av avlaupsleidningar og eventuelt vassleidningar frå eksisterande bustader innafor reguleringsområdet
19. Slamavskillar/kloakkreinseanlegg for bustadfeltet.

Tiltaket er etter kommunen si vurdering i tråd med planen.

Det er i samband med nabovarslinga komen merknader til tiltaket. Gnr.45/203 ønskjer at felles privat veg (FV3) må byggjast slik at gnr.45/133 ikkje må køyra over eigedommen for å få tilkomst. Gnr.45/133 ønskjer at privat veg (FV3) vert flytta eller bygd slik at tilkomst ikkje skjer over naboen gnr. 45/203. Utbyggar foreslår at dette vert løyst ved å auka breidda på vegen tilsvarande redusert areal på tomt B 10-1.

I skriv frå grunneigarane på gnr. 45/173,183 og 197 er det sett fram krav om at all kostnad og arbeid med sanering av privat kloakkleidning og tilknytning framtidig offentleg leidning må påleggjast utbyggar.

I fellesskriv frå grunneigarane på gnr.45/144og 174, gnr.45/51, gnr.45/68, gnr.45/110 og gnr. 45/63 og 10 vert det hevda at dei ikkje har fått nabovarsel(kommunen registrerer at det er sendt rekommandert nabovarsel til alle med unntak av Harald Mangerøy på gnr. 56/144,174), at dei er deleigarar i eit privat kloakkanlegg med løyve frå tidlegare eigar til å ha leidningen over Selfallet. Det er opplyst at dette anlegget er tidlegare godkjent av Radøy kommune i 1982. Vidare skriv dei m.a:”*For å kunne akseptere en sanering av det eksisterende private ledningsnett-som undertegnede(Harald Mangerøy)er deleier av – stilles det ufravikeleg krav om at utbygger av Selfallet påtar seg alt arbeid, samt enhver omkostning vedrørende tilknytning til nytt ledningsnett/kloakkanlegg. Dette inkluderer,foruten anleggskostnader mv., også alle former for kommunale avgifter, tilknytningsavgifter mv som måtte påløpe ved*

*tilknytning til nytt ledningsnett, slik at undertegnede blir holdt økonomisk skadesløs som følge av den sanering av privat ledningsnett som søkes gjennomført i forbindelse med utbygging av Selfallet”.*

Kloakkutbygginga på Selfallet med sanering av private anlegg og påkopling til offentlig kloakk inngår som ledd i hovudplan for kloakk. Innafor utbyggingsområdet på Selfallet finst det i dag ulike private kloakkløysingar på dei eksisterande utbygde eigedommane. Det finst utslepp både med tett leidning til sjø og med spreing i terrenget. Ved ny utbygging med framlegg av offentlig kloakk i området, set kommunen krav om at eksisterande anlegg vert sanert og at utsleppet vert knytt til den offentlege kloakken. Korleis dette skal gjennomførast og omlegging av øvrigt ledningsnett vert det vist til brev frå utbygger v/Arne Haugen VVA-prosjektering datert 09.02.07.

Bergen og Omland Havnevesen har i skriv av 02.01.07 gitt løyve til utlegging av avlaupsleidning på sjøbotnen.

Det er siv.ing. Arne Haugen VVA-prosjektering som har stått for VVA-prosjekteringa og utarbeiding av detalj-og teikningsgrunnlaget og som også er ansvarleg søkjar for tiltaket.

Vedkomande rekkefølgebestemmelse og utbygging øvrigt innafor området vert det vist til reguleringskart m/ reguleringsføresegner for Selfallet.

### **Vedtak:**

**I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune, og gebyrregulativ vedtatt i kommunestyret den 01.12.2005, vert det godkjent opparbeiding av veg, vatn –og avlaupsanlegg med utsleppsløyve i medhald av plan- og bygningslova §§ 66, 70, 74, 93, 93 b og 98, veglova §§ 40 og 43, forureiningslova §§ 11 og 16 og forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg på følgjande vilkår:**

1. Det vert vist til reglane for tilknytning til kommunalt ledningsnett med avgifter. Blankett for søknad om tilknytning er lagt ved.
2. Vilkår sett i løyvet frå Bergen og Omland Havnevesen må etterkommast.
3. I samsvar med reguleringsføresegnene for området skal det liggja føre godkjent utbyggingsplan mellom utbygger og kommunen innan det vert gitt igangsetjingsløyve for tiltaket.
4. I samsvar med reguleringsføresegnene vert det ikkje gjeve byggeløyve til dei nye bustadene på dei einskilde tomtane før veg, vatn-og avlaupsanlegget, bygging av leikeplassar og sikring av malmgruva er ferdig opparbeidd og godkjent.
5. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert slamavskillar. Restutsleppet frå slamavskillaren skal førast til djup sjø i tett leidning. Avlaupsanlegget skal elles utførast i samsvar med forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg.
6. Det vert å betale følgjande gebyr for handsaminga av Dykkar søknad:

**Plan og forvaltning:**

C.3.3.2	Tiltak anlegg, tiltaksklasse 2:	Kr. 4500,-.
G.2.1.C	Avløpsanlegg mellom 100 og 1000 PE:	<u>Kr. 6900,-.</u>
	<b>SUM</b>	<b><u>Kr. 11400,-.</u></b>

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

7. Radøy kommune gjev **Siv.ing. Arne Haugen VVA-prosjektering** ansvarsrett (sentralt godkjent foretak) i godkjenningssområda **SØK-søkjarfunksjon for tiltaket samt PRO/KPR-prosjektering/kontroll av prosjektering for tiltaket.**

Radøy kommune gjev **Entreprenør Rune Ulvatn AS** ansvarsrett (sentralt godkjent foretak) i godkjenningssområda **UTF/KUT-utførande/kontroll av utførande grunn-og betongarbeida for tiltaket.**

Radøy kommune gjev **Entreprenør Rune Ulvatn AS v/røyrleggar Kjell Kolstad** ansvarsrett og lokal godkjenning i godkjenningssområda **UTF/KUT-utførande/kontroll av utførande røyrleggararbeida for tiltaket.**

Det vert forutsett at foretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk foretakssystem i medhald av forskrift om foretak for ansvarsrett (GOF).

**Når punkt 3 er ordna, gebyr er betalt og kvittering for betalt gebyr er motteke av kommunen, kan arbeidet setjast i gang.**

Tiltaket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon kan sendast inn saman med oppmoding om ferdigattest eller mellombels bruksløyve, eller seinast 4 veker etter at mellombels bruksløyve er gitt.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg utførande skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas §§ 98 og 99 og SAK § 30, og kontrollerklæring/-melding skal leggjast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 96.

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Sjå vedlagde orientering om klagerett.

Tore Rikstad  
Senioringeniør

**Kopi til:**

Erling Fauskanger	Manger	5936	MANGER
Harald Mangerøy		5936	MANGER
Helge Rune Johansen	Helland	5936	MANGER
Jarle Håland		5936	MANGER
Karin Torveig Andersen	Lyngfaret 14	5172	LODDEFJORD
Knut Jan Johansen		5936	MANGER
Knut Skjelanger		5936	MANGER
Margit Kristiansen	Manger	5936	MANGER
Rune Ulvatn		5936	MANGER
Rune Ulvatn	Nøtveit	5936	MANGER
Siviling, Arne Haugen VVA-prosjektering	Fabrikkgata 7 B	5059	BERGEN
Tore Reidar Throndsen	Sandslihovden 70	5254	SANDSLI

Siviling. **Arne Haugen VVA-prosjektering**

Fabrikkgt. 7 B. 5059 BERGEN  
 Tlf. 55 59 82 60 Faks. 55 59 82 57  
 Mobiltilf. 900 67 308  
 e-post: arne@haugen-vva.no  
 Org.nr. 876 688 492 MVA.  
 Bankkontonr. 5252.05.04796

Radøy kommune  
 Plan, landbruk og teknisk  
 v/Tore Rikstad  
 Krossvegen 8  
 5936 Manger

Deres ref.

Deres brev av:

Vår ref.

2906-B19\_2

Dato

16.06.08

**RUNE ULVATN**

**RADØY. MANGER. SELFALLET BUSTADFELT. GNR. 45 BNR. 7 M. FL.  
 TILRETTELEGGING AV VEG-, VASS- OG AVLØPSANLEGG  
 SØKNAD OM FOREBELS BRUKSLØYVE. SUPPLERANDE DOKUMENTASJON.**

Visar til innlevert søknadsskjema for førebels bruksløyve til veg- og VA-anlegg i bustadfeltet Selfallet.

Som avtalt ettersendast følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om ansvarsrett og kontrollerklæring for betongarbeidar i samband med slamavskiljar (Brødrene Myking AS)
2. Planteikning og koordinatliste for utført vass- og avløpsleidningar. *Trykkprøving av vass- og spillvassleidningar, samt desinfiseringsrapport for vassleidningar, vil bli ettersendt.*

Utviding av fylkesvegen (Fv 410) med fortau og nytt vegkryss til Selfallet bustadfelt er godkjent av Statens Vegvesen på synfaring med Arnljot Jordal og Øystein Hagesæther. Statens Vegvesen visar til reguleringsplan når det gjeld godkjenning av avkøyring til bustadfeltet. Eventuelle spørsmål kan rettast til Øystein Hagesæther på telefon 56342954.

Veger i bustadfeltet blir avslutta førebels med grusdekke.

To avkøyringar frå fylkesvegen er steng og trafikk frå eksisterande bustader er ført inn på Veg 1.

Slamavskiljar er utført som godkjente detaljteikningar og 200 m utsleppsleidning er lagt på sjøbotn med ende på kote -30,0. Leidning vil bli merka med varselskilt.

Gjenstående arbeidar som vil bli utført samstundes som grunnarbeidar på tomtar:

1. Planering av terreng ved slamavskiljar og utsleppsleidning ✓
2. Montering av vegskilt etter teikn. nr. 550B (sjå vedlegg) ?
3. Ferdigstille asfaltering av fylkesveg og fortau, samt oppmerking
4. Ferdigstille gjerde langs fylkesvegen
5. Ferdigstille mur mot malmgruve ✓
6. Bygging av gangveger fram til ball-/leikeplass ✓
7. Planering av toppdekke på ballbane og leikeplass ✓
8. Montering av lekeapparat og eventuelt gjerde på leikeplassar ✓
9. Tilknytning av eksisterande spillvassleidning frå septiktankar til nytt leidningsnett ✓

# ah VVA-prosjektering

siviling. ARNE HAUGEN FABRIKKG. 7B 5059 BERGEN TLF. 55 59 82 60

Side 2


Gjenstående arbeidar som vil bli utført etter hovuddel av bustader er ferdigstilt (antatt 3-4 år):

1. Vegrekkverk Veg 4
2. Asfaltering av Veg 1, Veg 2, Veg 3 (og 3.1), Veg 4 og Veg 5
3. Asfaltering av felles parkeringsplass FP1, FP2 og FP3
4. Bygging av fortau langs Veg 1 - *gjerd*
5. Bygging av fartshumpar i Veg 1
6. Montere veglysstolpar
7. Bygging av evt. støyskjermar

Utbyggar er ansvarleg av drift og vedlikehald av veg- og leidningsanlegg fram til Radøy kommune overtar ansvaret for offentleg veg og leidningar. Fellesveger og fellesleidningar vil bli overført til nye huseigarar.

Vi vonar om at ovannemnde er tilstrekkeleg dokumentasjon for å gi førebels bruksløyve for veg- og VA-anlegg.

Med venleg helsing



Thor-Henrik Fredriksen

## Vedlegg:

Søknad om ansvarsrett for betongarbeidar

Kontrollerklæring for betongarbeidar

Koordinatliste for VA-anlegget

Teikn.nr. 550B – Skilt- og oppmerkingsplan Fv 410

600A – Vann- og avløpsplan

## Kopi av brev:

Rune Ulvatn



Arne Haugen VVA-prosjektering  
Fabrikkgt 7b

5059 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.

06/704-24/08/5063//RTO

Dato:

Manger: 08.07.2008

**GNR 45/7, 6 M. FL. - SELFALLET - VEG, VATN OG AVLAUPSANLEGG /  
FERDIGSTILLING - MELLOMBELS SVAR**

Det vert vist til dykkar førespurnad om mellombels bruksløyve.

Med bakgrunn i oppstilling over gjenstående arbeid samt kommunen si synfaring i området og opp mot rekkefølgebestemmelsene i reguleringsføresegnene, har kommunen vurdert at dei gjenstående arbeida er av ein slik karakter at det ikkje kan gjeva mellombels bruksløyve. Det vert i den samanheng vist til vedlagde orientering om klagerett.

M.a. ser ein også at kloakkleidning til sjø ikkje er kobla mot slamavskillar og inspeksjonsluke på slamavskillar står usikra (lok manglar).

Det er ikkje opplyst noko om eller vist på mottekne "som bygget" teikningar om at sanering av eksisterande kloakkar i området er gjennomført – noko som også var ein føresetnad i løyvet.

Etter synfaringa stiller kommunen også spørsmål til om korleis dreneringa av dei ulike tomtane er løyst, særleg i områda kor vegnivå/fylling er lagd vesentleg over bakkenivå.

Når ovannemnde merknader er avklart og tilleggsdokumentasjon er motteke, vil kommunen på nytt vurderer å gi eit mellombels bruksløyve.

Med helsing  
  
Tore Rikstad  
Senioringeniør

**Kopi til:**

Driftsleiar i Radøy kommune Einar Færo

Entreprenør Rune Ulvatn AS

Plankonsulent i Radøy kommune Asbjørn Toft

5936

MANGER

## Siviling. Arne Haugen VVA-prosjektering

Fabrikkgt. 7 B. 5059 BERGEN  
Tlf. 55 59 82 60 Faks. 55 59 82 57  
Mobiltlf. 900 67 308  
e-post: arne@haugen-vva.no  
Org.nr. 876 688 492 MVA.  
Bankkontonr. 5252.05.04796

Radøy kommune  
Plan, landbruk og teknisk  
v/Tore Rikstad  
Krossvegen 8  
5936 Manger

Deres ref.  
06/704-24/08/5063

Deres brev av:

Vår ref.  
2906-B20\_2

Dato  
04.08.08

**RUNE ULVATN**

**RADØY. MANGER. SELFALLET BUSTADFELT. GNR. 45 BNR. 7 M. FL.  
TILRETTELEGGING AV VEG-, VASS- OG AVLØPSANLEGG  
NY SØKNAD OM FØREBELS BRUKSLØYVE.**

Visar til søknad om førebels bruksløyve til veg- og VA-anlegg i bustadfeltet Selfallet av 9. og 16. juni 2008.


Som følgje av at arbeidar ved slamavskiljar er ferdigstilt og felles kloakkleidning frå eksisterande bustader er tilknyta nytt leidningsnett, søker vi på nytt om førebels bruksløyve for veg-, vatn- og avløpsanlegg i bustadfeltet.

Felles privat utsleppsleidning er tilkoplta ny ø160mm spillvassleidning i vegkryss Veg 1/Veg 2, ved kum S17. Før ferdigstilling av anleggene vil det bli utarbeidet ein liste over eigedomar som har fått sanert privat utsleppsleidning frå septikktank.

Det vil bli etablert ny dreinsleidning for felt B12 og B13 dersom utført overvasssystem i vegane, og dagens bekkefar mot vest, ikkje er tilstrekkelig for drenering av tomtane. Vi gjer merksemd på at høgde på topp myr er redusert med om lag 1 m som følgje av redusert grunnvassnivå.

Vi vonar om ein positiv sakshandsaming.

Med venleg helsing



Thor-Henrik Fredriksen

**Kopi av brev:**  
Rune Ulvatn

Rådgivende ingeniører: Samferdselsteknikk  
Arealplanlegging  
Vaun- og avløpsteknikk





Rune Ulvatn  
5936 MANGER

Vert sendt til:  
Folkeregisteret  
Nordhordland likningskontor  
Kommunen sitt kartverk  
Kommunen sitt avgiftskontor  
Brannvernet v/feieren

Dykkar ref.

Vår ref.  
06/704-26/08/5697//RTO

Dato:  
Manger: 18.08.2008

## MELLOMBELS BRUKSLØYVE

Etter plan- og bygningslova § 99.

### GNR 45/7, 6 M. FL. - SELFALLET - VEG, VATN OG AVLAUPSANLEGG - MELLOMBELS BRUKSLØYVE

Dei kontrollansvarlege har i brev av 10.06.08 og 04.08.08 stadfesta overfor kommunen at det med tanke på mellombels bruksløyve er utført kontroll med tilfredsstillande resultat. Med unntak av dei merknader som er nemnt nedanfor, vert det forutsett at byggearbeidet er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og vedtak i saka datert 08.02.07 og 14.02.08.

#### Mellombels bruksløyve vert gjeve for:

Tilrettelegging av veg, vatn-og avlaupsanlegg i det regulerte bustadområdet Selfallet  
**Før ferdigattest kan skrivast ut må følgjande ordnast:**

1. Merknader framkomen i brev datert 16.06.08 og 04.08.08 frå Siviling. Arne Haugen VVA-prosjektering samt merknader i brev datert 08.07.08 frå Radøy kommune. Når det gjeld vilkåra til byggjeløyve på dei ein skilde husa, vert det vist til rekkefølgjebestemmelsene i reguleringsføresegnene.

Tiltaket eller delar av det må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve (jf. pbl. § 93).

#### Skildring:

Opparbeidd veg, vatn-og avlaupsanlegg i det regulerte bustadområdet for Selfallet.

Med helsing

Tore Rikstad  
Senioringeniør

#### Kopi til:

Arne Haugen VVA-prosjektering

Fabrikkgt 7b

5059

BERGEN

Postadr.:	Telefon:	Telefaks:	Bankgiro:	Org.nr.:	E post:
Krossvegen 8 5936 MANGER	56 34 90 00	56 34 90 01	3636.07.00776	954 748 634	postmottak@radoy.kommune.no

Opningstider byggesak: Måndag: 09.00 - 12.00. Tysdag, torsdag og fredag: 09.00 - 15.00. Onsdag: Stengt.

---

**Siviling. Arne Haugen VVA-prosjektering**

---

Fabrikkgt. 7 B. 5059 BERGEN  
Tlf. 55 59 82 60 Faks. 55 59 82 57  
Mobiltlf. 900 67 308  
e-post: arne@haugen-vva.no  
Org.nr. 876 688 492 MVA.  
Bankkontonr. 5252.05.04796

Radøy kommune  
Plan, landbruk og teknisk  
v/Tore Rikstad  
Krossvegen 8  
5936 Manger

Deres ref.  
06/704-24/08/5063

Deres brev av:

Vår ref.  
2906-B21\_2

Dato  
14.01.10

**RUNE ULVATN  
RADØY. MANGER. SELFALLET BUSTADFELT. GNR. 45 BNR. 7 M. FL.  
TILRETTELEGGING AV VEG-, VASS- OG AVLØPSANLEGG.  
STADFESTING AV FERDIGSTILT ANLEGG – 1. TRINN.**

Visar til krav til rekkefølge i reguleringsføresegner av 18.05.2006 og mellombels bruksløyve for veg-, vatn- og avlaupsanlegg av 18.08.2008.

På vegne av tiltakshavar kan vi stadfest at følgjande anlegg er ferdigstilt:

1. Tilkomstveger med mellombels anleggsdekke
2. VA-anlegg
3. To leikeplassar
4. Ballplass på felt FL4
5. Gangveg fram til felt FL4
6. Sikring av malmgruve

Synfaring er gjennomført med Radøy kommune v/Asbjørn Toft. Anleggene er godkjent. Bygging av støyskjermer vert utført etter avtale med private grunneigarar.

Vi vonar om at Radøy kommune kan med dette gi byggeløyve og ferdigattest for fleire enn 12 bustader i reguleringsområdet (sjå §2.1.4 i reguleringsføresegner).

Med venleg helsing,



Thor-Henrik Fredriksen

**Kopi av brev:**  
Rune Ulvatn

---

**Siviling. Arne Haugen VVA-prosjektering**

---

Fabrikkgt. 7 B. 5059 BERGEN  
Tlf. 55 59 82 60 Faks. 55 59 82 57  
Mobiltlf. 900 67 308  
e-post: arne@haugen-vva.no  
Org.nr. 876 688 492 MVA.  
Bankkontonr. 5252.05.04796

Radøy kommune  
Plan, landbruk og teknisk  
v/Tore Rikstad  
Krossvegen 8  
5936 Manger

Deres ref.  
06/704-24/08/5063

Deres brev av:

Vår ref.  
2906-B22\_2

Dato  
18.01.10

**RUNE ULVATN  
RADØY. MANGER. SELFALLET BUSTADFELT. GNR. 45 BNR. 7 M. FL.  
BYGGING AV LEIKEPLASSAR OG GANGVEGER.  
SØKNAD OM MELLOMBELS BRUKSLØYVE.**

Visar til krav til rekkefølge i reguleringsføresegner av 18.05.2006 og mellombels bruksløyve for veg-, vatn- og avlaupsanlegg av 18.08.2008.

Vi søker med dette om mellombels bruksløyve for fellesareal i bustadfeltet, med to leikeplassar, ballplass og gangvegar. Samstundes vert det søkt om bruksløyve for sikring av malmgruve med mur.

Gjenstående arbeidar:

1. Støyskjermer byggjast til våren etter avtale med grunneigarar
2. Gangsti mellom felt B4a og B4b byggjast når grunnarbeidar på tilliggjande tomtar vert utført
3. Tilsåing av jordskråningar utførast til våren.

Vi vonar om ein positiv sakshandsaming.

Med venleg helsing



Thor-Henrik Fredriksen

**Kopi av brev:**  
Rune Ulvatn



Arne Haugen VVA-prosjektering  
Fabrikkgt 7b  
5059 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.

06/704-33/ 10/1094/45/7, 45/6/RTO

Dato:

Manger: 19.02.2010

## MELLOMBELS BRUKSLØYVE

Etter plan- og bygningslova § 99.

### GNR 45/7, 6 M. FL. SELFALLET - VEG, VATN OG AVLAUPSANLEGG - INFRASTRUKTUR - MELLOMBELS BRUKSLØYVE

Dei kontrollansvarlege har i brev av 14.02.10, 18.01.10 og 12.02.10 stadfesta overfor kommunen at det med tanke på mellombels bruksløyve er utført kontroll med tilfredsstillande resultat. Med unntak av dei merknader som er nemnt nedanfor, vert det forutsett at byggearbeidet er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og vedtak i saka datert 08.02.07 og 14.02.08.

#### Mellombels bruksløyve vert gjeve for:

1. Tilkomstveggar med mellombels anleggsdekke
2. Va-anlegg
3. To leikeplassar FG1 og FG 2
4. Ballplass på felt FL4
5. Gangveg fram til felt FL4
6. Sikring av malmgruva

#### Før ferdigattest kan skrivast ut må følgjande ordnast:

1. Støyskjermer
2. Gangsti mellom felt B4a og B4b
3. Tilsåing av jordskråningar

Tiltaka eller delar av dei må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve (jf. pbl. § 93).

Det vert forutsett at leikeplassar og fellesareal er tilfredsstillande sikra i høve til vidare anleggsdrift.

Tonje Nepstad Epland  
Leiar plan, næring og teknisk/Juridisk rådgjevar

Tore Rikstad (S)  
Senioringeniør

#### Kopi til:

Rune Ulvatn

5936 MANGER

